Prosjektmandat

Oppgradering av sakarkivløysinga

og skarpt skilje i arkiva 2021/2022

Godkjent av leiargruppa i kvar kommune 18. oktober 2021

1 Innleiing / bakgrunn

ePhorte er eit system som har vore på marknaden i over 20 år. Leverandør har uttalt at ePhorte etter kvart bli fasa ut til fordel for Elements. Elements representerer ein open og framtidssikker plattform med omsyn til integrasjon og samhandling med andre løysingar, nye modular, nye verktøy og nye forretningsmodellar.

Utløysande årsak til oppgraderinga var at leverandør har varsla at Microsoft ikkje lenger støttar nettlesaren IE som ePhorte køyrer på. Dette representerer ein sikkerheitsrisiko for kommunane. Vi kunne tatt ein relativt stor oppgradering for å rette denne problemstillinga, men kommunane har gått for ein meir langsiktig løysing ved å oppgradere til Elements. *(ref. e-post frå Grunde Seltveit dato?)*

Databasen er 20 år gamal i Vinje og 14 år gamal i dei øvrige kommunane og det er anbefala å sanere databasen regelmessig og klargjere for deponering i arkivdepot. Mykje har skjedd sidan 2002 både teknologisk, organisatorisk i kommunane og det har vore endringar i ulike lovverk. Med sanering av databasen får vi skarpt skilje i arkiva og kan etablere ny database som er meir tilpassa dagens situasjon.

Vest-Telemark Brannvern IKS har inngått avtale med Vinje kommune om kjøp av arkivtenester. Dei har inngått eigen avtale med SIKRI om etablering av Elements. Vest-Telemark Brannvern IKS er såleis også ein del av dette prosjektet. Arkivleiar i Vinje kommune har ansvar for implementering.

2 No situasjon

Kommunane har i dag ePhorte 6, versjon 6.12.1. Det er aldri gjort arkivuttrekk frå databasane for deponering i arkivdepot, i og med vi ikkje har papirkopiar i bakhand er det spesielt viktig å gjere regelmessige deponeringar til IKA Kongsberg av elektroniske fagsystem. Det er den elektroniske versjonen som er den ekte og autentiske arkivversjonen.

Vest Telemark Brannvern IKS har pr. i dag ikkje kontorstøttesystem for arkiv og sakshandsaming.

3. Mål og rammar

Prosjektet skal gjennomføre oppgradering og implementering av Elements for kommunane Tokke, Kviteseid, Vinje og Vest Telemark Brannvern IKS, med tilhøyrande integrasjonar.

Prosjektet skal gjennomførast i perioden 15. september til ca. 15. mai 2022. Etter planen skal Elements i drift 10. januar i alle kommunane. Etter at vi har gått i drift med sakshandsamingsmodulen vil vi jobbe med å få på plass integrasjonar og eventuelt opsjonar.

Målet er at Elements for Vest Telemark Brannvern IKS skal vere klart for produksjonssetting 10. januar, men det kan vere at dette må utsetjast til kommunane har stabil drift. Det må vurderast løypande.

Kostnadane til gjennomføring av prosjektet er formidla til kommunane i møte våren 2021 og er godkjent av leiinga i dei respektive kommunane. Investeringsramme for heile prosjektet er 1 660 300,-. I tillegg har vi opsjonar som kommunane kan løyse ut innan to år etter signering av avtala.

Vest Telemark Brannvern IKS har eigen avtale med SIKRI.

4. Omfang og avgrensing

Prosjektet skal førebu oppgradering til Elements, det inneber, skarpt skilje i alle arkivdelar, konfigurere ny database, flytte integrasjonar, gjennomføre opplæring av alle sakshandsamarar/leiarar og utvalssekretærar og arkivpersonale, implementere støtte for eSignering, skjemaadministrasjon og fakturaeksport (berre Vinje), følge opp «helsesjekk» av dagens databasar slik at deponering av Noark- og SKARD uttrekk kan skje og hjelpe med testing i samband med migrering av gamle databasar over i ny produksjonsbase.

Det vil ikkje vere kapasitet for arkivpersonale i nokon av kommunane til å delta i andre prosjekt i prosjektperioden.

Det vil vere behov for nye rutinar på fleire område. Dette kan forklarast med nytt system, ny teknologi, nye produkt/modular og endring i administrativ struktur (Vinje). Arbeidet med rutinar må i hovudsak startast med etter at Elements er implementert.

5 organisering

Eigarskapet til prosjektet ligg hos deltakande kommunar. Ansvarsforhold i prosjektet skal takast i vare slik:

Kunde - Kommunane

Rolle	Person
Oppdragsgjevar/prosjekteigar	Rådmann i Tokke, Kviteseid, Vinje og dagleg leiar i Vest-Telemark Brannvern IKS
Prosjektansvarlege lokalt	Margit Elise Karlsen – Vinje Tore Åsland – Kviteseid Niina Laaksonen – Tokke
Prosjektleiar kunde	Ann Kristin Marumsrud
Styringsgruppe lokalt	Rådmannens leiargruppe
Prosjektgruppe lokalt	Gro Degnes – Kviteseid Britt Vågslid – Tokke Ann Kristin Marumsrud – Vinje
Teknisk ressurs VTDS	Laila Apeland

Vest-Telemark Brannvern IKS har eiga avtale inngått vinteren 2021 og prosjektleiar kunde vil følge opp aktivitetane i det interkommunale selskapet. Ved behov for avklaringar vil prosjektleiar ta kontakt med dagleg leiar Ole-John Almenningen.

Leverandør ressursar - SIKRI

Rolle	Person
Prosjektleiar	Trude Moldenes
Fag konsulent	Hilde Alai og Kjetil Holseter
Teknisk ressurs	Kjartan Solsvik

6 Ressursbruk

For å gjennomføre prosjektet må det påreknast stor eigeninnsats frå kommunane. Det vil ikkje vere mogleg å gjennomføre alle aktivitetar i prosjektet i tillegg til dagleg drift. Kommunane må finne løysingar for å avlaste arkivleiar i periodar.

7 Risikoanalyse og kvalitetssikring

Det er identifisert følgande kritiske suksessfaktorar

1. Manglande ressurs knytt til prosjektleiar lokalt
2. Manglande ressurs i kvar kommune for gjennomføring av prosjektaktivitetane
3. Manglande lokale ressursar til daglege driftsoppgåver
4. Manglande forståing for prosjektet hos leiargruppa/sakshandsamarar

Det anbefalast at dei kritiske suksessfaktorane fylgjast opp slik:

- Prosjektgruppa er samansett av arkivleiarar i kommunane. Ved sjukdom eller anna fråvær må ein vurdere om annan arkivleiar kan trå til, eks. ved frikjøp.
- Evt. kjøpe lokal prosjektleiarteneste av SIKRI
- Forankring og forplikting i leiinga
  - → Leiarstøtte ved utfordringar i prosjektet, eks. endring av rutinar/arbeidsprosessar/arbeidsmåtar, avslutting av saker mv
  - → Tydelege avgjersler ved ulike beslutningspunkt
  - → Regelmessig rapportering om status i prosjektet
- Sette inn ressursar til utføring av daglege driftsoppgåver, leiinga må informere sakshandsamarar om forseinking i registrering av post pga. stor arbeidsbelastning på arkivleiarane/arkivarane
- God informasjon lokalt i kvar kommune om prosjektet og hensikta med oppgradering og skarpt skilje
  - → I kommunane vil dette skje gjennom jamleg informasjon på Intranettet, via e-post og informasjon til leiargruppa.
- Tett kopling mellom lokal prosjektmedlem (arkivleiar) og lokal prosjektansvarleg (ansvarleg for avtala med SIKRI i kvar kommune)

7 Tidsplan og milepælar

Milepælar	Frist veke
Ferdigstille e alle saker i ePhorte 6 som kan ferdigstillast	52
Kartlegge status arkiv- og sakshandsamingsrutinar	39
Etablere teknisk miljø for ny database	39
Klargjere mal base (alt som kan vere likt i tre kommunar + VTB IKS)	39
Opplæring systemansvarlege	40
Kopiere mal base i 3 lokale basar	40
Klargjere lokale basar (malar, brukarar, utval, tilgangkodar, heimlar, arkivdelar mv	42
Opplæring superbrukarar og funksjonstesting av sakshandsamar-/leiarrolla	44
Opplæring utvalssekretær og funksjonstest av møtemodulen	44
Opplæring arkivarar og funksjonstest arkivarrolla	45
Konfigurere, justere og teste	48
Kopiere kursbasane --> produksjonsbasar (4 stk)	49
Produksjonsstart arkiv/postmottak	51
Intern opplæring leiarar/sakshandsamarar	50 og 2
Produksjonsstart sakshandsamarar og leiarar	2
Elements publikum (postlister og møtedokument på internett)	3

Integrasjonar	Q1 2022
Helsesjekk, arkivuttrekk, migrering og klargjering av SØK+	Q2 2022

8 Budsjett og finansiering

For Tokke, Kviteseid og Vinje – sjå vedlagt budsjett. Alle tal er godkjent i kvar kommune våren 2021.

Tokke kommune har avgjort at dei vil kjøpe opplæring frå SIKRI for å ikkje overbelaste arkivleiar. Tokke kommune gjer direkte avtale med Jan Øyvind Nilsen i SIKRI om dette. Vil bli regulera i eit endringsbilag til hovudavtala. Viktig med ein god bestilling på kva ein ynskjer opplæring på.

For Vest Telemark Brannvern IKS – har eigen avtale som ligg til kvalitetssikring og justering hos SIKRI

Prosjektleiar (Ann Kristin) held prosjektansvarlege lokalt orientera undervegs om avvik ift. budsjett.